# Årsmøte

År 1970 den 31. jan. vart det halde
årsmøte for Varhaug Misjonshus.
Form. Tobias Varhaug som styrde møte helsa
velkomen med nokre ord frå Es. 55.
Ungdomssekr. T. Odden tala friskt ut frå
Ef. 5.14 - Vakna opp du som søv - -.
Han mana oss alle på ny å vakna opp til
bön og teneste for våre medmenneskjer, ~~til~~
til ære for vår Herre og Frelsar.
Vigrestad Mannskor gleda oss med god
song før og etter talen.
Form. las årsmeldinga = utan merknad.
~~Valg: A. Lima vart samrøy~~

ingen merknad

Kassastyrar A. Lima las opp rekneskapet
som balanserte med kr. 25.860.82. og
viste eit overskot på kr. 4769.23.
Panteskulda er no kr. 43.750,-

I Valg: 1. A. Lima vart samrøystes attvald
til kassastyrer.
2. Johan Reiestad og Erik T. Skretting
vart og samrøystes attvald til revisorar.
3. Til å skriva under møteboka saman
med form. vart Emma og
Guttorm Ånestad vald.

II Ymse: Ingen bad om ordet.

Ein gjekk so over til utlodning som
foregjekk ved åresalg.

Emma Ånestad

Tobias Varhaug  Guttorm Ånestad